

# GRAVPLASSAR I NYE BJØRNAFJORDEN KOMMUNE



**Kuventræ gravplass**

## OVERSIKT OG INVESTERINGSBEHOV I PERIODEN 2019-2028

# GRAVPLASSAR I «NYE BJØRNAFJORDEN KOMMUNE»

## OVERSIKT OG INVESTERINGSBEHOV I PERIODEN 2019-2028

### INNLEIING

Oversyn over dei ulike gravplassane ligg ved. Dei fleste ligg ved/rundt kyrkjer, men nokre ligg for seg sjølve utan seremonirom (Kuventræ, Nordtveit, Hjartnes og Baldersheim).

Trong for gravplassar vert bestemt av

- 1) Folketal (lova krev ledige graver til 3 % av folketalet (Dersom vi reknar 25-tusen innbyggjarar er kravet 750 ledige)
- 2) Forbruk av graver (forventa dødsfall ut frå historiske tal ca 150/året tidleg på 2020-talet og aukande til 200 (+?) mot 2030.
- 3) Gravferdsform; urnegrav eller kistegrav
- 4) Frigjering av tidlegare brukte graver når festetida går ut

Reservekravet etter pkt 1 vil vere knytt til heile kommunen, men ein må og balansere dette slik at dei som naturleg sokner til hhv Os og Fusa får grav i sitt sokn. Den forventa sterke folkeveksten i Os vil såleis utløyse utbygging av gravplasser i Os tidleg på 2020-talet.

Gravplassane på Fusadelen av Bjørnafjorden kommune har alle behov for ordinært vedlikehald. Ein vil nok oppleve at portar og gjerde treng noko opprusting, og på fleire av gravplassane er det ujamt terreng. Truleg er standarden på reiskapshus noko dårlegare enn på Os-sida. Det må sjåast i samanheng med gravplass-strukturen ein har.

Under punktet på kvar gravplass om spesielle behov i 10-årsperioden tenkjer ein her utviding.

Der er eigen gravminnelund på Strandvik kyrkjegard og på Fusa kyrkjegard. – der ein har teke vare på nokre gravminne med bakgrunn i utgåtte slektsnamn, gravminne som synleggjer historiske kommunikasjonsmønster, og gravminnet sin art.

## INVESTERINGAR I PERIODEN 2019-2022 og 2023-2028

	(Beløp i heile 1000 kr)									
Gravplassar	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2 027	2028
Generelt tilskot		1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Fornyng maskinpark		2 000								
Sævareid	2 000									
Hålandsdalen			1 500	1 500						
Aakre					500	1 000	1 000			
Kuventræ <sup>1</sup>										
Nore Neset <sup>2</sup>		15 000	15 000							
Os nord <sup>3</sup>								250	250	15 000

### Kommentarar til tabellen

Der namnet på gravplass står presisert i investeringsplanen er det utviding som er planlagt.

I investeringsplanen er det lagt inn framlegg om «Generelt tilskot» på kr.1.000.000,- årleg. Dette ser ein føre seg kan nyttast til investeringar (opprusting/oppgradering) både på gravplassar og kyrkjer, og er lagt inn i tabellen. Det har vore praksis med eit årleg generelt tilskot til Fusa sokn, og røynslene med det er svært gode. Med slike midlar får fellesrådet utført mindre investeringsoppgåver utan at ein kvart år må fremje saker spesielt. Har ein unytta midlar eit år, kan det nyttast til andre føremål komande år. Dette er ei forenkling for alle partar slik ein opplever det.

På Fusasida av Bjørnafjorden kommune har ein kjøpt tenester til både sommarvedlikehald og graving. Dette kan sjå ut som om vil bli endra frå oktober 2020. Om ikkje det vert inngått ein avtale med kommunen om desse tenestene må fellesrådet investere i bil og maskiner. Stipulert kostnad er kr.2.000.000,-.

<sup>1</sup> Dersom areal vert tilgjengeleg rundt eksisterande gravplass, bør det sikrast til seinare utviding

<sup>2</sup> Avsett midlar i langtidsbudsjett. Os sokneråd har foreslått at planleggingsarbeid bør starte 2018 med tanke på byggestart seinast 2020 og ferigstilling 2021

<sup>3</sup> Os sokneråd har foreslått avsett areal i Os nord med tanke på forventa utbygging/sterk folkevekst i Os nord frå 2022 og framover.

## **Strandvik kyrkjegard:**

Plassering : Strandvik v./kyrkja

Bygg: Kombinert bårehus, reiskapshus og toalett. God stand

Tal graver: Ca. 330 kistegraver

Ledig kapasitet: Gravplassen er full. Blir brukt berre til reserverte graver og gjenbruk av festegraver. Aakre gravplass er i dagleg bruk.

Spesielle behov i 10-årsperioden: Nei.



**Strandvik kyrkjegard. Trea er nett styva på dugnad.**



**Påfyll av jord på dugnad**



**Gravmannelunden i Strandvik**

## **Aakre gravplass:**

Plassering: Strandvik, ca 200 meter frå kyrkja

Bygg: Ingen bygg.

Tal graver: Ca.250 kistegraver og 12 urnegraver. Eit lite felt med barnegraver

Ledig kapasitet: Ca 50 ledige kistegraver og 10 ledige urnegraver. Tek i bruk gamle graver som er eldre enn 60 år.

Spesielle behov i 10-årsperioden: Utvidingsbehov ca år 2025. Der er areal ved gravplassen som kan nyttast. Privat eigar av grunn.

Andre kommentarar: Gamal hevd frå tidlegare grunneigarar om rett på grav i «privat gravfelt».



**Oversiktsbilete Aakre gravplass.  
Gravplassen ligg midt i bygda.**



**Ein av dei to portane til gravplassen**



**Ny tilkomst til Aakre gravplass i 2017**



## **Fusa gamle kyrkjegard**

**Plassering:** Fusa, ca 400 meter frå kyrkja

**Bygg:** Eit reiskapshus – middels forfatning

**Tal graver:** Ca. 1.200 kistegraver

**Ledig kapasitet:** Gravplassen er nærmast full. Blir brukt berre til reserverte graver og gjenbruk av festegraver. Kan vere aktuell til bruk att når Fusa nye kyrkjegard er fylt opp om ca. 15 år.

**Spesielle behov:** Nei



**Oversiktsbilete over delar av Fusa gamle kyrkjegard**



**Påfyll av jord på dugnad**



**Delar av hellegangane etter dugnad**

## **Fusa nye kyrkjegard:**


**Plassering:** Fusa, ved kyrkja

**Bygg:** Eit bårehus og eit reiskaphus med opphaldsrom. Reiskaphuset er i god stand. Bårehuset i middels stand.

**Tal graver:** Ca 310 kistegraver og 54 urnegraver

**Ledig kapasitet:** Ca 205 ledige kistegraver og 48 ledige urnegraver

**Spesielle behov i 10-årsperioden:** Nei



**Kyrkjegarden er i forkant av kyrkja. Foto Jan-Tore Aakre**



**Oversikt frå kyrkja mot sjøen**



**Dugnad med grusgangar**

## Hålandsdalen kyrkjegard:

Plassering: Hålandsdalen, ved kyrkja

Bygg: Reiskapshus i dårleg stand

Tal graver: Ca 520 kistegraver og 10 urnegraver

Ledig kapasitet: Ca 40 ledige kistegraver og 9 ledige urnegraver

Spesielle behov i 10-årsperioden: Utviding eller nytt areal i 2021-2022.



Oversikt over delar av kyrkjegarden på Eide



Hekk klipt på dugnad



Ein av to nye steinbenkar i 2017 – gitt av næringslivet.



## Holdhus kyrkjegard

Plassering: Holdhus, ved kyrkja

Bygg: Ingen bygg

Tal graver: Ca. 85 – ikkje registrert i elektronisk gravregister.

Bruk i dag: Det er berre familiar med hevd frå gammalt av som nyttar gravplassen. Soknerådet har gjort vedtak om at ein opnar berre for urnegraver til desse familiane.

Spesielle behov i 10-årsperioden: Nei

Andre kommentarar: Lite jordmassar på det meste av området. Fellesrådet eig gravplassen , fortidsminneforeningen eig kyrkja.



Oversiktsbilete av Holdhus kyrkje og kyrkjegarden (dronebilete: Knut Revne)



Reparasjon av mur og gjerde på dugnad



Vask av gamle gravminne

### **Sævareid kyrkjegard:**

**Plassering:** Henanger, ved kapellet, om lag 2 km frå Sævareid i retning Eikelandsosen

**Bygg:** Eit kombinert bærehus, reiskapshus og toalett – i god stand.

**Tal graver:** Ca. 310 graver

**Ledig kapasitet:** Ca. 20 ledige kistegraver

**Spesielle behov i 10-årsperioden:** Plan om utviding pågår. Utviding skjer i 2019-2020.



**Oversikt over nedre del av kyrkjegarden.**



**Reinsking av  
Grusgang på  
dugnad**



**Prøvegraving 2017 i samband med  
utvidng**



## Baldersheim gravplass

Plassering: Baldersheim, om lag 1 km frå sentrum, oppover lia.

Bygg: Eit lite kapell som i fleire tiår er nytta som reiskapshus. Lokalfolket har på dungad restaurert det og innreia det som eit kapell med lokalt preg. Er i bra stand. Bygda har på dugnad 2016-2017 bygd eit kombinert reiskapshus og toalett. Det er i svært god stand.

Tal graver: Ca 400 kistegraver

Ledig kapasitet: Ca 100 ledige kistegraver

Spesielle behov i 10-årsperioden: Nei. Utviding vart gjort i 2016/2017.



Oversiktsbilete over Baldersheim gravplass (dronebilete: Knut Revne). Nærast ser ein den utvida delen av gravplassen som vart utført i 2017.



Utsikt frå gravplassen og nedover til bygda.



Reiskapsbygg og toalett under bygging i 2016.

## Nordtveit gravplass

Plassering: Nordtveitgrend, sentrum

Bygg: Klokketårn/reiskapshus i god stand

Tal graver: 330 kistegraver

Ledig kapasitet: Gravplassen er full. Blir brukt berre til reserverte graver. Ikkje aktuelt med gjenbruk pga leirmassar. Hjartnes gravplass er i dagleg bruk.

Spesielle behov i 10-årsperioden: Nei.



Oversiktsbilde Nordtveit gravplass. Sikring over gjerde pga hjort.



Dugnadsgjengen på vârdugnad!



Ny grusgang – på dugnad



## Hjartnes gravplass

Plassering: Hjartnes, ca 3 kilometer frå Nordtveit gravplass

Bygg: Klokketårn/Reiskapshus i brukbar stand.

Tal graver: Ca. 230 kistegraver

Ledig kapasitet: Ca 120 ledige kistegraver

Spesielle behov i 10-årsperioden: Nei

Andre kommentarar: Gamal hevd frå tidlegare grunneigar om rett på grav i «privat gravfelt».



## Tilkomst til Hjartnes gravplass



Oversikt over gravplassen



Vårstell på gravplassen

## Samla oversikt Fusa sokn

Gravplass:	Gravleggner er pr år gj.sn	Tal ledige graver	Prognose kapasitet til år
Strandvik	4,5	0	Aakre vert brukt
Aakre	6	50	7-8 år
Fusa gamle	5,4	?	Fusa nye vert brukt
Fusa nye	8,6	205	20 år
Hålandsdal	5,4	40	6 år
Holdhus	0,5	–	«Privat»
Sævareid	4,9	20	3-4 år
Baldersheim	2,9	100	33 år
Nordtveit	1,5	0	Hjartnes vert brukt
Hjartnes	2,5	120	30 år

### Generelle kommentarar:

Det er lagt til grunn gravleggingar 15 siste år for tala i den samla oversikten. Det er korrigert for dei gravplassane det har vore omleggingar på dei seinare åra, jfr. punkt 1, 2 og 4 under.

I Fusa har ikkje avdøde med ferieplass i Fusa rett til grav utan at ein har budd i kommunen ein del av sitt liv.

### Andre kommentarar:

1. På Strandvik kyrkjegard og Fusa gamle kyrkjegard vert berre reserverte og gamle festegraver nytta.
2. På Nordtveit er det berre bruk av reserverte graver. Ein er open for urner i kistegraver.
3. Holdhus kyrkjegard er open for urnegraver for dei som har avgitt grunn til kyrkja i si tid. Det er ikkje eit oppdatert gravregister for denne gravplassen.
4. Ein reknar med auke i bruk av graver på gravplassane Aakre, Fusa nye og Hjartnes då ein har stengde dei andre gravplassane i dei geografiske områda for bruk av nye graver.

# Gravplassane i Os

Gravplass – Os kyrkjegård

Ukjent alder.  
Rundt 2000 graver  
Omregulert 2008



Einaste gravplass i Os fram til 1980.  
Høg utnyttingsgrad.

Omregulert 2003-2008.

Stor del urnegraver; anten mellombels som følgje av omregulering, eller pga gravstorleik og/eller jordsmonn.

Dårleg drenering deler av gravplassen; tidvis krevjande å grave når nedbør over tid.

Få ledige graver; skjer ved festeopphør.

-----  
Gravemaskin

Liten driftsbygning; bør ha plass til minitraktor for transport/snørydding



# KUVENTRÆ GRAVPLASS

Etablert 1993;  
Utviding starta i 2014; venteleg ferdigstilt  
2018  
Rundt 2000 graver totalt

Nytt areal: (ca 1000 graver)

Kistegraver

Urnegraver

Namna urnelund (2018)

---

Minitraktor

Gravemaskin

Pauserom/garasje

Behov for større maskin / garasje til snørydding





# NORE NESET kyrkjegård

Etablert 1980;  
Utvida 2000  
Rundt 800 graver totalt

Planar om større utviding bak kyrkja.

Utviding venteleg klår for bruk 2023 (?); eksisterande gravplass truleg full 2019/2020.

Ny grav plass vil få: Kistegraver / Urnegraver / Namna urnelund

-----  
Minitraktor

Gravemaskin

Pauserom/garasje

Behov for større maskin / garasje til snørydding

